



Maria Malmsten spelar saman med dotter si, Tiril Eirunn i Helgheim. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Dirigenten til 'Røysterett for alle', Maria Malmsten, har 13,46 prosent stilling går det fram av undervisningsavtala som no er skrive under av kommunen og koret for skuleåret 2008/2009.**

Dette tilsvarar ein undervisningsressurs på to timar og 38 minutter per veke som skal gå til faste øvingar/instruksjon, ekstraøvingar og konsertar.

Stillinga inneheld i tillegg ein ekstraressurs på tilsaman 17,5 timar som gjennom skuleåret skal gå til styremøte, ekstra reisetid og liknande.

Etter avtale mellom styre og dirigent kan noko av undervisningsressursen per veke samlast opp og brukast til ekstraøving, seminar og konsertar.

Tid til førebuing/etterarbeid, nødvendig pausetid og tid til opp- og nedrigging er alt innlagt i stillinga og skal derfor ikkje reknast av dei tildelte timane.

Reiser som kjem i tillegg til en faste øvingsdagen blir dekket av koret.

Betalinga for eitt skuleår er no 35.936 kroner.

Av Ola Matti Mathisen